

Me vart mange smaa

1) Me vart mange smaa
baaate syster aa bror
aa so liti raa
aa so stritt for ho mor

2) Aa so mykje strev
aa slikt bal for han far
for uvøla krev
heimen med hus aa gar

3) Aa ja du forstend
du mor aa du far
som nedbøygde gjeng
kor stritt det no var

4) Men Gud være takk
han som ravnungar fø
bestandigt det rakk
nei me leid ikkje nød

5) Du far aa du mor
med dine mange smaa
ei gaava so stor
so han far let deg faa

6) Aa ansvar ein faar
du maa vara deg mor
kva det er du saar
baate i gjerd aa ord

7) Vorherre han krev
so kjærte aa so mildt
etter ordet mit lev
daa du fær ikkje vildt

8) Høgt, heilag vort maal
aa klenodiet rart
men vegen er haal
aa ein falla kan snart

9) Me trengja aa be
her er kamp her er sut
her vert ingjen fre
for ein kjempa maa ut

10) So mykje me treng
fraa Vorherre aa faa
aa han gjev os i fleng
det ser ut han hev raa

11) Er me ikkje i stand
til aa levja os far
di velsigna hand
me daa so nødig har

12) Ja ver du vor trygd
aa vern du os daa
um i by aa bygd
der faarur kjem paa

13) O frelsar aa far
vort liv, haap aa tru
os naadigt bevar
for du lever endnu

14) Lat viljen din far
regjera vor aand
so at deg me har
med al di miskund

15) Men daa naar du kjem
paa den gule hest
aa vil hent os heim
me trengja deg mest